



Foto: Kai Krog Halse.

## Ælmerkjesetra

Av ASTRID KROG HALSE

*Vinden kjem strykand, det riksa, let  
ti nedlagt seter som ligg her og græt.*

*Vegen er attgrodd og fjellgraset gro'.  
Dåggå og år sia inkvan her tro.*

*Det ryk itt tu mura, men blenkje ti glas.  
Finst itt nå far ette fefot ti gras.*

*Sett deg på vollen engong når du fer,  
så høre du mykky, men ingin du sjer.*

*Her song det ti bjellom, her rauk det engong.  
Eg høre en tone, det stig fram en song.*

*Om to som eg kjende og mintes så vel,  
når dei stod her på kloppen og baud meg farvel.*